



Pårørande/brukarrepresentant for menneske med nedsett funksjonsevne

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2514 - 14/8248

Saksbehandlar:

Helge Kvam

helge.kvam@meland.kommune.no

Dato:

27.05.2014

## Informasjonsbrev til pårørande/brukarrepresentant til menneske med nedsett funksjonsevne - invitasjon til å ta del i brukarundersøking 2014

Meland kommune inviterer pårørande og brukarrepresentantar for menneske med nedsett funksjonsevne til å ta del i brukarundersøking innan omsorgstenesta.

Kommunen ønskjer at kvar einskild person med nedsett funksjonsevne skal få eit trygt og godt tenestetilbod. Det er difor viktig for oss å få tilbakemelding på korleis du som pårørande/brukarrepresentant opplever/erfarer kvaliteten på tenestetilbodet.

Ved å svare på spørsmåla vil du kunne gje oss oversyn på kva område som fungerer, og kva område vi har forbetringspotensiale. Vi nyttar standardisert spørreskjema via [www.bedrekommune.no](http://www.bedrekommune.no) og deltaking er anonym og frivillig. Vi håpar du tek deg tid til å svare.

Du kan svare på 2 ulike måtar:

1. Vedlagt ligg spørreskjema påført individuellt eingongspassord. Logg deg på [www.bedrekommune.no](http://www.bedrekommune.no), klikk på «svare på undersøking» og skriv inn passord. Når du er ferdig, og skjema er sendt elektronisk, har du svart på undersøkinga.
2. Du kan fylle ut skjema manuelt. Legg skjema i konvolutt og returner til Meland kommune v/Helge Kvam, Pb 79, 5906 Frekhaug eller lever konvolutt i resepsjon på rådhus. Ikkje før på namn (anonym) – vi nyttar eingongspassord som står på skjema når vi skriv inn svara.

**Fristen for å svare på undersøkinga er i perioden 2.-20. juni.**

Alle mottakarar av tenester frå Meland heimeteneste får no tilbod om å ta del i brukarundersøkinga med eigne spørreskjema. For einskilde kan det vere vanskeleg å svare/fylle ut skjema. Når det gjeld spørreskjema til målgruppa menneske med nedsett funksjonsevne tilrår [www.bedrekommune.no](http://www.bedrekommune.no) at ein nyttar intervju/samtale som metode. Dette vert utført av fagpersonell utan for nær tilknytting til direkte

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

tenesteyting. Om pårørende/brukarrepresentant ønskjer å vere med på samtalen vert det lagt til rette for det.

Om du har spørsmål til undersøkinga kan du kontakte Helge Kvam eventuelt Britt Romarheim.

Med helsing

Helge Kvam  
rådgjevar pleie og omsorg og sosial

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lena Ytreland  
Britt Hilde Romarheim  
Randi Rotevatn Minde  
Rannveig Vatshelle Bovim

**Mottakere:**

Pårørande/brukarrepresentant for  
menneske med nedsett  
funksjonsevne